

**STRANDA KOMMUNE**  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

---

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte

**torsdag, 27.09.2012 kl. 16.05 i Rådhuskjellaren**

**SAKLISTE:**

- Sak 27/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 18. juni 2012
- « 28/12 - Budsjett 2013 – Stranda kontrollutval
- « 29/12 - Oppfølging av kontrollutvalsak 09/12
- « 30/12 - Økonomirapport 2. tertial 2012 og den økonomiske situasjonen til Stranda kommune førstig
- « 31/12 - Rekneskapsrapport drift pr. 20.08.2012 - Stranda Hamnevesen KF
- « 32/12 - Orientering frå Strandafjellet KF
- « 33/12 - Orientering om arbeidet med overordna analyse
- « 34/12 - Status for revisjonsarbeidet
- « 35/12 - Oversikt over saker til oppfølging

Når det gjeld sak 32/12, 33/12 og 34/12 er det planlagt å få til orientering i møtet.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 18.06. 2012 kl. 13.00  
Møtestad: "Høgda"

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Hildegunn Brune  
= 5 voterande

Svein Kvaløy hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte rekneskapsansvarleg Lars Birger Stige.

Det kom fram merknader til innkallinga frå Magnar Furset som retta seg mot sein levering av rekneskap. Han ga uttrykk for at ein ikkje er tent med ei slik behandling og stilte spørsmålsteikn ved å akseptere avviklinga av møtet.

Det kom fram ønske om å ta opp ei eiga sak om rekneskapsbehandling i neste møte.

**SAK 20/12  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. MAI 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 9. mai 2012 blir godkjent.

**SAK 21/12  
ÅRSMELDING 2011 – STRANDA KOMMUNE**

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Stranda kommune til orientering.

**SAK 22/12**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – STRANDA KOMMUNE**

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Det blir vist til kontrollutvalet si løpende oppfølging over fleire år av kommunen si økonomiske utvikling medrekna den stadig veksande lånegjelda. Kontrollutvalet er særslig uroa over den økonomiske situasjonen til Stranda kommune.
3. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridinger i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1.
4. Kontrollutvalet viser til at fleire investeringsprosjekt manglar finansiering og vil presisere at det er kommunestyret sjølv som skal vedta investeringsprosjekta og finansieringa av desse.

**SAK 23/12**

**REKNESKAP 2011 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Med visnad til relativ høg lånegjeld i føretaket, oppmodar kontrollutvalet til god økonomisk planlegging for at den økonomiske situasjonen ikkje skal kome ut av kontroll.

**SAK 24/12**

**REKNESKAP 2011 – STRANDAFJELLET KF**

Innstilling datert 18.06.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2011 blir godkjent.

2. Det blir vist til kontrollutvalet si løpende oppfølging over fleire år av føretaket si økonomiske utvikling og kontrollutvalet er særslig uroa over den økonomiske situasjonen til Strandafjellet KF
3. Kontrollutvalet viser også til tidlegare uttalar om kor uheldig det kan vere å starte store prosjekt utan tilfredsstillende risikovurderinger, marknadsundersøkingar og konsekvensanalysar.

**SAK 25/12**

**BREV DATERT 08.06.2012 FRÅ KONTROLLUTVALSEKRETARIATET – ETTERLYSING  
AV TILTAK VEDKOMANDE DOKUMENTASJON AV VAR – UTGIFTER**  
(Saka kom opp under eventuelt)

Leiar orienterte.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 26/12**

**SAKER SOM LIGG PÅ VENT** (Saka kom opp under eventuelt)

Leiar ga ei orientering.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde  
Leiar  
(sign.)

Randi Strand Overaa  
nestleiar  
(sign.)

Magnar Furset  
medlem  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Hildegunn Brune  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.09.2012

**SAK 28/12  
VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 - STRANDA KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Stranda kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i i Stranda kommune. Talet på møte vil påverke budsjettet og det kan kalkulerast med 6 møte.

**Andre forhold som kan få betydning for budsjettet**

Stranda kommune er inne i ein periode med vanskeleg kommuneøkonomi. Sett ut i frå ei risikovurdering, kan dette medføre ekstra ressursar knytt til tilsyn, kontroll og revisjon både mot rekneskap og saksbehandling.

Budsjetta til dei interkommunale selskapa er på noverande tidspunkt ikkje vedteken. Desse vil nok i stor grad ta høgde for ein normal aktivitet. Plan for forvaltningsrevisjon som skal bli vedteken seinare i år, vil også vere styrande for totalbudsjettet. Det same vil omfanget av ein selskapskontroll kunne bli. Forvaltningsrevisjonsprosjekt utover vedteken plan eller andre ekstraoppgåver, vil måtte bli å finansiere direkte frå Stranda kommune.

I budsjettet for 2012 tilrådde kontrollutvalet ein auke i rammene på 90.000 kroner som følgje av ekstraoppgåver. Denne tilrådinga vart ikkje teke til følgje.

Skal det vere realisme i bestillingane av oppdrag, må det følgje pengar med desse bestillingane. Ein forvaltningsrevisjon er svært kostnadskrevjande slik at det må vere samsvar mellom bestilling og dei økonomiske rammene.

I denne omgangen blir det lagt fram budsjettforslag for kontrollutvalet sin kurs- og reiseaktivitet.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkongressen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkongressen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør ha høve til å delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 50.000,00.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.09.2012

**SAK 29/12  
VEDKOMANDE SAK 09/12 ARBEIDSDELING I KONTROLLUTVALET**

I sak 09/12 gjorde kontrollutvalet slikt samråystes vedtak:

1. Inge Gjærde følgjer opp saksdokument og vedtak i føretaka. Tilsvarande for Randi Strand Overaa blir formannskapet, Magnar Furset tek kommunestyret, Eva Rinde Habostad tek helse og omsorg, kultur samt overordna planutval og Svein Kvaløy tek området miljø og kommunal teknikk.
2. Den av utvalet sine medlem som vender seg til kommunen for å få saksdokumenta i papirversjon skal ha det.
3. Forøvrig tek kontrollutvalet saka til orientering.

Tida kan no vere inne til å følgje opp dette vedtaket og drøfte kva prosedyrar som skal følgast dersom saker skal takast opp.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.09.2012

**SAK 30/12  
ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2012 OG DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN  
TIL STRANDA KOMMUNE FORØVRIG**

Som vedlegg følgjer:

- Brev fra fylkesmannen datert 03.09.2012

Økonomirapporten for 2. tertial ligg ikkje føre på noverande tidspunkt, men kontrollutvalet kan kanskje få denne gjennomgått i møtet.

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

*"Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunenstyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak"*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Stranda kommune er inne i ein vanskeleg økonomisk situasjon med store akkumulerte underskot og manglande godkjenning av budsjettet for 2012. Det siste kjem fram i vedlagte brev frå fylkesmannen.

Grunnlaget for å oppheve budsjettvedtaket er oppgitt til å vere

- Bruk av ureelle fond i Stranda hamnevesen KF
- Unrealistiske inntektsanslag i Strandafjellet KF

Men i brevet blir det også lagt vekt på den usikkerheita som ligg i utbytte frå Stranda Energiverk AS og eigedomskatt.

Også andre forhold i budsjettet vil kunne medføre risiko for eit negativt rekneskapsresultat i 2012. Tertiarrapporten vil kunne gi ein indikasjon på dette.

Stranda kommune har planlagt å dekkje inn underskota i perioden 2013 til 2017. Det er av stor interesse å sjå korleis dette kan bli gjort og rådmannen har blitt bedt om å gi ei orientering om dette i møtet saman med ei oppsummering av budsjettsituasjonen for 2012.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, Innvalstelefon

Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato  
03.09.2012  
Dykkar dato

Vår ref.  
2012/308/MAMO/3311  
Dykkar ref.

Stranda kommune  
Postboks 264  
6201 Stranda

## Stranda kommune - Lovlegkontroll av budsjett 2012 og økonomiplan 2012 til 2015

**Stranda kommune er etter reglane i kommunelova underlagt statleg kontroll og godkjenning av økonomiske disposisjonar.**

**Kommunen er underlagt vilkårsbunden kontroll og godkjenning fram til akkumulert underskot frå tidligare år er dekt inn.**

**Fylkesmannen har ført kontroll med budsjett og økonomiplan for Stranda kommune i perioden 2012 til 2015 og konkludert med at vedtaket er ugyldig.**

**Stranda kommune må innan 20. oktober i år vedta og sende inn eit nytt budsjett og økonomiplan i tråd med merknadane våre.**

Vi viser til innsendt budsjett og økonomiplan for perioden 2012 til 2015. Stranda kommune er i Robek. Det inneberer at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal føre kontroll med at Stranda kommune sitt budsjettvedtak er lovleg.

Vi viser også til Stranda kommune si oversending frå 15. mars i år der det går fram at det har vore reist krav om lovlegkontroll av vedtaket om budsjett og økonomiplan av kommunestyreprresentantar.

Dette brevet inneheld ein lovlegkontroll av Stranda kommunestyret sitt vedtak om budsjett og økonomiplan for perioden 2012 til 2015, og om det er i samsvar med kommunelova og tilhøyrande forskrifter.

### Bakgrunn for lovlegkontroll

#### Automatisk lovlegkontroll av budsjett

Kommunelova (kl) § 60 regulerer kva for kommunar som skal vere underlagt statleg kontroll av økonomiske disposisjonar. Stranda kommune er meldt inn i Robek (register over betinget

godkjenning og kontroll) med bakgrunn i at kommunen ikkje har følgt sin eigen vedtekne plan for inndekning av underskot, jf kl § 60 nr 1 bokstav d.

Fylkesmannen skal føre kontroll med om kommunen sitt budsjettvedtak er lovleg, jf. § 60 nr. 2 i kommunelova og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Fylkesmannen skal kontrollere følgjande:

- Om innhaldet i budsjettet er lovleg, jf. § 46 i kommunelova. Her går det mellom anna fram at årsbudsjettet skal omfatte heile verksemda til kommunen, at budsjettet skal vere realistisk, og at driftsresultatet minst skal vere tilstrekkeleg til å dekke renter og avdrag, samt naudsynte avsetningar. Fylkesmannen viser elles til budsjettforskrifta fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. desember 2000.
- Vidare vil fylkesmannen kontrollere at budsjettet er blitt til på lovleg måte og at vedtak er fatta av kompetent organ jf. kommunelova § 45.

Lovlegkontrollen skal understøtte inntektsstyringa av kommunane. Vår kontroll inneber i første rekke ein kontroll med at kommunane planlegg si verksemد med basis i **realistiske inntektsoverslag**. I vår gjennomgang har vi ikkje vurdert om prioriteringane i budsjettet inneber at kommunen gjennomfører alle lovpålagde tiltak i tilstrekkeleg utstrekning. I utgangspunktet føreset vi at nødvendig vurdering av løyvingar på einskilde områder er gjennomført av kommunestyret.

#### Krav om lovlegkontroll

Etter kommunelova § 59 nr 1 kan tre eller fleire medlemmar av kommunestyret bringe ei avgjerd i kommunen inn for fylkesmannen til lovlegkontroll. Fristen for framsetting av krav om lovlegkontroll er tre veker frå avgjerdstidspunktet.

Kravet om lovlegkontroll er satt fram av minst tre representantar, og det vilkåret er såleis oppfylt.

Fylkesmannen kan etter dette ta stilling til om avgjerala er:

- Treft av nokon som har myndighet til å treffen slik avgjerd
- Blitt til på lovleg måte
- Innhaldsmessig lovleg

Krav om lovlegkontroll er satt fram av åtte representantar i kommunestyret. Dei meiner at budsjett og økonomiplan ikkje stettar fleire krav i kommuneloven.

Følgjande punkt vert spesielt merka i klagen:

- Budsjett og økonomiplan er ikkje realistisk og inneheld ikkje alle inntekter og utgifter som ein kan forvente, både for Stranda kommune og for Stranda hamnevesen KF.
- Budsjettprosessen har ikkje ivaretake dei bakanforliggjande omsyna som sikrar ei forsvarleg sakshandsaming og moglegheit for medverknad.
- Nedlegging av skular utan prosess og enkeltvedtak
- Lagt inn inntekter for skatt på eigedom utan at dette er nærmere greia ut
- Urealistisk utbytte frå Stranda energiverk
- Budsjett og økonomiplan har ikkje vore lenge nok til alminneleg ettersyn
- Bruk av fond i Stranda hamnevesen KF utan dekning

Klagerane fremmar at budsjettvedtaket vert oppheva, og at ny sakshandsaming og prosess vert gjennomført i samarbeid med alle partar i kommunen.

### **Konklusjon**

Med bakgrunn i kl §§ 59 og 60 vil fylkesmannen føre kontroll med Stranda kommune sitt budsjett for 2012 og økonomiplan for 2012 til 2015.

Fylkesmannen har kompetanse til å oppheve kommunen si avgjerd dersom den er ugyldig.

### **Fylkesmannen sine merknadar**

Vi vil i det følgjande gå igjennom dei punkta som vert framheva i klagen samt våre eigne merknadar.

#### **Handsaminga**

Klagarane peikar på at innstillinga frå formannskapet ikkje har vore ute lenge nok til alminneleg ettersyn og at det har vore innkalla til ulovleg formannskapsmøte på grunn av manglande saksframlegg i innkallinga.

Rådmannen skriv i sitt svar at det ikkje er krav om at saksframlegg er med innkallinga og kommunen har stetta minimumskrava til alminneleg ettersyn.

Kommunestyret skal vedta komande års budsjett innan utgangen av året på grunnlag av innstilling frå formannskapet. Innstillinga til årsbudsjett, med alle dei forslag til vedtak som føreligg, skal leggjast ut til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den handsamast av kommunestyret, jf kl § 45 nr 1 til 3.

Kl § 44 nr 1 og 6 sett krav om at kommunestyret skal vedta ei rullerande økonomiplan innan utgangen av året på grunnlag av innstilling frå formannskapet. Av nr 7 går det fram at innstillinga, med dei forslag til vedtak som føreligg, skal leggjast ut til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den handsamast i kommunestyret.

Det sentrale spørsmålet her er om vedtaket er blitt til på lovleg måte.

Stranda kommunestyre vedtok den 21. desember i fjor budsjett for 2012 og økonomiplan for perioden 2012 til 2015. Det er klart at kommunestyret er rett organ til å fatte vedtak og at vedtaket er fatta innan utgangen av året.

Klagarane og rådmannen skriv at budsjettet har vore lagt fram offentleg frå 6. til 21. desember. Vi legg til grunn at alle dokumenta har vore lagt ut, og at det har vore lagt ut minst 14 dagar før kommunestyret fatta vedtak, slik som opplyst.

Om innkalling til møta i folkevalte organ er omhandla i kl § 32 nr 2. I «Kommuneloven med kommentarer» går det fram at det er naturleg at kopi av i alle fall dei sentrale saksdokumenta vert sendt ut før møtet, men at dette ikkje er eit krav. Det er organet sjølv med alminneleg fleirtal som avgjer om førebuinga til møtet er tilstrekkeleg til at dei kan fatte realitetsvedtak.

### Kommunen sitt inntektsoverslag

Vi legg til grunn føresetnadene i statsbudsjettet til grunn for vårt overslag på rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Tal i 1000 kr	Kommunen sitt budsjett	Statsbudsjettet for 2012
Skatt på inntekt og formue	94 168	101 535
Rammetilskot	130 177	122 810
<b>Sum</b>	<b>224 345</b>	<b>224 345</b>

Stranda kommune har budsjettet med inntekter i tråd med føringane i statsbudsjettet.

### Inndeckning av underskot

Tabellen nedanfor viser ein oversikt over utviklinga i oppsamla underskott i perioden 2009 til 2011. Tala er henta frå rekneskapen til kommunen.

	2009	2010	2011
Underskot	1 552 457,93	10 933 557,82	7 276 075,34
Akkumulert underskot	1 552 457,93	12 486 015,75	19 762 091,09

Reglane for korleis underskot i kommunerekneskapa skal handterast finn ein i kommunelova § 48 nr. 3 og 4.

Etter kommunelova § 48 nr. 3 skal kommunestyret, ved handsaminga av årsrekneskapen, bestemme disponering av rekneskapsmessig overskot eller inndeckning av rekneskapsmessig underskot. Underskot på årsrekneskapen, som ikkje vert dekka over budsjettet i det året rekneskapen vert lagt fram, skal førast til dekning på budsjett året etter. Under særlege forhold kan kommunestyret, etter å ha gjort nødvendige endringar i økonomiplanen, vedta at underskotet skal dekkast over ytterlegare to år, jf. § 48 nr. 4.

I tilfelle der dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane er uforholdsmessig store ved å dekke inn underskotet i løpet av fire år, kan departementet unntaksvist godkjenne vedtak om at underskotet dekkast inn over meir enn fire år. Underskotet kan likevel ikkje dekkast inn over meir enn ti år. Ingen vedtak om å dekke inn utover fire år er gyldige før departementet sjølv har godkjent vedtaka. Det gjeld for dei tilhøva der kommunen tidlig planlegg med inndeckning utover fire år, men òg i dei tilhøva der ein ikkje klarar å følgje opphavleg plan, og inndeckning likevel må skje utover fire år.

Tabellen under viser korleis Standa kommune har planlagt å dekkje inn akkumulert underskot. Tala er henta frå rekneskap, økonomiplan og søknad om forlenga inndeckningstid frå 24. april i år.

Tal i 1000 kr	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Inndeckning av underskot	0	0	1 552	3 683	5 363	8 078	8 027
Akkumulert inndeckning	0	0	1 552	5 236	10 599	18 677	26 704
Udekkja ved årets utløp	19 762	19 762	18 210	14 526	9 163	1 085	-6 942

I inndeningsplana har kommunen teke omsyn til underskot i kommunalt føretak på totalt 7 027 053 kr og lagt til grunn at kommunen må dekkje inn dette. Det går fram av tabellen i år 2017.

Stranda kommune sin plan for inndeckning av underskot viser at restunderskotet skal dekkast inn i 2017. Kommunen vil ikkje bli meldt ut av Robek før rekneskapet viser at akkumulert underskot er dekka heilt inn.

#### Bruk av fond i Stranda Hamnevesen KF

Klagerane hevdar at bruken av fond i Stranda Hamnevesen KF i økonomiplanperioden er høgare enn det er beløpsmessig dekning for. Klagen går vidare ut på realismen knytt til inntekts- og utgiftssida i føretaket.

Kommunen gir klagerane rett i at bruken av disposisjonsfond overstig det føretaket har til disposisjon. Rådmannen skriv at føretaket går igjennom økonomien sin, og at naudsynte vedtak vil fatta i etterkant av dette.

Vi registrerer vidare at kommunen er usikker på i kva grad økonomiplana er bindande eller retningsgjevande, og at framlegget om budsjett og økonomiplan frå føretaket ikkje har vore sendt til kommunen før handsaminga i folkevalte organ.

Spørsmålet her er om kommunane har adgang til å budsjettere med negative fond.

Reglane for økonomiplana finn ein i kl § 44. Her går det fram av punkt 3 og 4 at økonomiplana skal omfatte heile den kommunale verksemda, vere realistisk og at den for kvart år i økonomiplanperioden skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er oppført.

Etter vårt syn skal økonomiplana gje uttrykk for dei framtidige konsekvensane av årsbudsjettet, og gje uttrykk for kommunestyret sine mål og strategiar for åra som kjem. Sentralt i den kommunaløkonomiske styringa er at planlagt bruk av ressursar for å nå måla ikkje skal overstige tilgangen på ressursar. Budsjett og økonomiplan er begge viktige dokument som skal syte for god planlegging og effektiv ressursbruk innafor dei økonomiske rammene til kommunen. Økonomiplana er ikkje bindande på same måte som budsjettet, men kravet om at planane er med grunnlag i realistiske føresetnadar er det same.

KRD har i brev om bruk av fond frå 14. oktober i 2003 presisert følgjande:

*«I budsjettet skal planlagt anvendelse av fond og nye avsetninger føres opp. Både drifts- og investeringsbudsjettet skal settes opp i balanse, slik at alle inntekter, innbetalinger og bruk av avsetninger er endelig disponert eller ført opp til avsetning for bruk i senere perioder. Vi presiserer at det bare kan budsjetteres med bruk av fond som er reelle, dvs. har en positiv beholdning.»*

Etter vårt syn vil bruk av fond som ikkje er reelle bidra til at kommunen opprettheld eit nivå på drifta som ikkje er berekraftig over tid, og med den konsekvens at avgjerda om mottiltak vil bli skjøve ut i tid. Vår vurdering er at slik praksis ikkje vil stemme overeins med balansekravet i kl § 44 nr 4. Vi vurderer vidare at slik praksis vil vere ei ueitlig omgåing av reglane om statleg kontroll og godkjening av økonomiske forpliktingar om kommunestyret

nytter ureelle fond til å dekkje utgifter i budsjett og/eller økonomiplan, jf kl § 60 nr 1 bokstav a og b.

Etter dette må det vere klart at kommunen ikkje har adgang til å budsjettere med negative fond.

Kommunen må gå igjennom Stranda hamnevesen KF sitt budsjett og økonomiplan på nytt og vedta eit budsjett som stettar krava i kommuneloven og tilhøyrande forskrifter. Det inneberer også at kommunen må gå igjennom kva for inntekter og utgifter føretaket realistisk kan forvente.

Til sist vil vi understreke at kl § 72 seier at før styret i kommunale føretak treffer vedtak i ei sak som skal handsamast av kommunestyret, skal administrasjonssjefen vere gitt høve til å uttale seg om saka. Administrasjonssjefen vil kunne gje styret informasjon om sitt syn på saka, slik at styret kan ta det med i si vurdering og forholde seg til det, og kommunestyret vil kunne treffe sitt vedtak på eit breiast mogleg sett av vurderingar og kommentarar.

#### Inntekter Strandafjellet KF

Kommunestyret har vedteke budsjettet og økonomiplana for Strandafjellet KF.

Kommunestyret har einekompetanse til å fastsetje årsbudsjettet for kommunen, og budsjettet må omfatte kommunale føretak, jf kl §§ 45 nr 2 og 46 nr 2. Av kl § 46 nr 3 og 6 skal årsbudsjettet vere realistisk og fastsetjast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret, og det skal budsjetterast med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkje renter, avdrag og naudsynte avsetjingar. Dei same krava gjeld for økonomiplana etter kl § 44 nr 3 og 4.

I budsjett og økonomiplan har kommunen budsjettert med om lag 16 millionar kroner i driftsinntekter for Strandafjellet KF. Det er ei inntektsauke på om lag 6,5 millionar kronar frå budsjettet 2011 og enda høgare enn det føretaket sitt rekneskap for 2011 viser. Vi kan ikkje sjå av innsendte dokument eller av tilleggsopplysningane frå kommunen at det er grunnlag for den inntekta det er budsjettert med i Strandafjellet KF. Dette gjeld også for åra i økonomiplanperioden.

Konklusjonen vår er at Stranda kommune må gå igjennom inntektssida i Strandafjellet KF på nytt, og legge til grunn den inntekta som føretaket realistisk kan pårekne.

#### Nedlegging av skular

Klagerane meiner at vedtak om nedlegging av skular skal fylgje sakshandsamingsreglane i opplæringslova, og at det ikkje har vore gjort når kommunestyret gjorde vedtak om å leggje ned Helstad skule frå hausten 2012 i budsjettet.

Av rådmannen sitt svar går det fram at i budsjettframleggget frå administrasjonen var det lagt inn heilårsdrift ved Helstad skule i 2012, og at dette vart endra i innstillinga frå formannskapet til drift ut skuleåret 2011/2012. Rådmannen viser også til at skulestruktur tidlegare har vore tema i kommunen og til seinare prosess knytt til nedlegginga av Helstad skule.

Budsjettet er styringsverktøyet til kommunen og skal etter kommuneloven en bindande og realistisk plan, jf kl § 46 nr 1 og 2. Dette gjeld ved både ved fastsetjing og gjennom budsjettåret.

Spørsmålet her er om kommunen har adgang til å budsjetttere med nedlegging av skular i budsjettet før det har vore ein eigen prosess i tråd med Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv udir-2-2012.

Det må vere klart at vedtaket i kommunestyret i samband med budsjettet ikkje alleine kan føre til nedlegging av Helstad skule.

Vi er av den oppfatning at kommunen var medviten om at kommunestyret ved sitt budsjettvedtak ikkje hadde gjort naudsynle vedtak om å legge ned Helstad skule. Budsjettvedtaket gjev ikkje i seg sjølv nokon endeleg rettsleg avklaring for skulenedlegginga, men vert den plana kommunen skal jobbe etter. Vi kan ikkje sjå at budsjettreglane stengjer for at ein fattar budsjettvedtaket før endeleg vedtak om skulenedlegging ligg føre.

Om prosessen i etterkant får eit anna utfall enn det som er lagt til grunn i budsjettet, vil kommunen måtte ta opp ei sak om endring i budsjettet for å finne dekning for vidare drift.

Konklusjonen vår er at kommunen hadde høve til å budsjetttere med avvikling av Helstad skule.

#### Utbytte frå Stranda energiverk AS

Klagarane meiner det er budsjettert med høgare utbytte frå Stranda energiverk AS enn det selskapet klarer å levere, både i budsjett med 5 millionar kroner og i økonomiplana med 6 millionar kroner årleg. Det vert mellom anna vist til avtalen mellom kommunen og selskapet og avlagt rekneskap for selskapet.

Svaret frå rådmannen er at inntektsanslaget er høgt, men at kommunen gjennom aktivt eigarskap forventar at selskapet skal klare å levere gode nok resultat til å forsvare utbytte i den storleiken som ligg inne i budsjett og økonomiplan. Rådmannen viser til at avtalen mellom kommunen og selskapet sikrar kommunen utbytte på minimum 1,5 millionar kroner, og at utbytte frå selskapet i 2011 var på om lag 2,5 millionar kroner.

Spørsmålet her er om det er realistisk at Stranda energiverk AS kan levere sterke nok resultat til at kommunen kan ta ut budsjettert utbytte.

Kl §§ 44 nr 3 og 46 nr 3 krev at budsjett og økonomiplan skal gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter kommunen kan forvente. Om inntektspostar ikkje er tilstrekkeleg kjent, går det fram av ot. prp. nr 43 (1999-2000) at eit generelt forsiktighetsprinsipp bør leggjast til grunn.

Nivået på utbytte er avhengig av avtalen mellom kommunen og selskapet, og korleis kommunen utøver sitt eigarskap. Vi legg til grunn at Stranda energiverk AS er heileigd av Stranda kommune. Vidare vil selskapet si evne til å betale utbytte i stor grad vere påverka av marknaden selskapet opererer i.

Med det i bakgrunn er det vanskeleg å ta eit standpunkt til dei konkrete tala som kommunen budsjetterer med for fylkesmannen. Vi har likevel merknadar til korleis kommunen har handtert dette i det kommunale budsjettet og økonomiplana.

Etter vår syn må kommunane vere varsam med å leggje seg på eit for høgt nivå når det gjeld usikre inntekter som kommunen sjølv ikkje kan rå over. Sjølv om Stranda kommune endrar avtalen mellom selskapet og kommunen, opererer selskapet i ein marknad det er knytt økonomisk risiko til. Kommunen må ta innover seg den avgrensinga det gir. Kommunen bør leggje til grunn eit forsiktigheitsprinsipp når det budsjetterast med slike usikre inntekter. Behovet for å vere varsam med usikre inntektsanslag er sterkare når kommunen er i ein stram og vanskeleg økonomisk situasjon. Etter vår vurdering vil budsjettering med usikre inntekter auke behovet for budsjettstyring og rapportering gjennom året, og kommunestyret må vere budd på å setje i verk tiltak om avvik oppstår, jf kl § 47 nr 2 og 3 og budsjettforskrifta §§ 10 og 11.

#### Skatt på eigedom

Klagerane meiner at inntektsanslaget for skatt på eigedom ikkje er tilstrekkeleg utgreia.

Rådmannen har i sitt svar forklart at budsjettarbeidet etter framstillinga frå administrasjonen avdekkja ein større ubalanse i økonomiplana enn det som låg til grunn tidlegare, og at det vart vedteken inntekt frå eigedomsskatt for å saldere økonomiplana.

Spørsmålet her er om saka om eigedomsskatt er tilstrekkeleg utgreia og om inntektsanslaget er urealistisk.

Vi oppfattar svaret frå kommunen slik at det var mange saker og knapt med tid i budsjettprosessen. Det er likevel eit ufråvikeleg krav at saker skal vere tilstrekkeleg utgreia og at inntektsanslaget skal vere realistisk.

Kommunane vel i stor grad sjølv korleis utforminga av eigedomsskatten skal vere. Kommunane kan mellom anna velje kva for objekt som skal skatteleggjast, om det skal vere botnfrådrag og i kva grad verdiane skal skattleggjast.

Kommunen har lagt inn inntekt frå skatt på eigedom med 3 millionar kroner i 2013, 6 millionar kroner i 2014 og 9 millionar kroner i 2015. Vi tolkar det slik at kommunestyret legg til grunn eit finansieringsbehov skal bli dekka av eigedomsskatten, og at vala av kommunestyret vidare i prosessen fram til utskriving av eigedomsskatten har som mål å dekkje det finansieringsbehovet.

Om inntekta frå eigedomsskatt viser seg å bli lågare enn det som er lagt til grunn i økonomiplana, må kommunestyret justere ned inntektsanslaget.

På dette grunnlag kan vi ikkje sjå at inntektsanslaget er satt urealistisk høgt, eller at saka ikkje var tilstrekkeleg utgreidd for kommunestyret på dåverande tidspunkt. Kommunestyret sjølv kan i stor grad påverke den endelege inntekta.

### Konklusjon

Fylkesmannen har ført lovlegkontroll av Stranda kommunestyre sitt vedtak om budsjett 2012 og økonomiplan 2012 til 2015 den 21. desember 2011 i sak 134/11. Etter ei konkret og heilskapleg vurdering av saka finn vi grunnlag for å oppheve vedtaket på grunn av:

- Bruk av ureelle fond i Stranda hamnevesen KF
- Urealistiske inntektsanslag i Strandafjellet KF

Vi ber om å få tilsendt ny handsaming og vedtak av budsjett 2012 og økonomiplan 2012 til 2015 innan 20. oktober i år. Vi ber kommunen om å ta omsyn til merknadane våre i arbeidet vidare.

### **Fylkesmannen sitt vedtak**

Med heimel i kommunelova §§ 59 og 60, jf rundskriv H-25/92, H-08/01 og H-2123, opphevar fylkesmannen Stranda kommunestyre si avgjerd av 21. desember 2011, i sak 134/11, om budsjett 2012 og økonomiplan 2012 til 2015.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. fylkesmann

Helge Mogstad  
kst. direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

kopi

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal Postboks 7734 Spjelkavik 6022 ÅLESUND

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.09.2012

**SAK 31/12  
REKNESKAPSRAPPORT DRIFT PR. 20.08.2012 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

**Som vedlegg følgjer:**

- Rekneskapsrapport drift pr. 20.08.2012

Hamnesjefen blir bedt om å gjøre greie for den økonomiske situasjonen i Stranda Hamnevesen KF.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## STRANDA HAMNEVESEN KF

### SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saknr
KOMMUNESTYRET STRANDA HAMNEVESEN KF	28.08.2012	026/12

<b>Saksansvarleg:</b> Styreleiar Per Erik Dalen	<b>Arkiv:</b> K1-	<b>Arkivsaknr</b> 12/1434
---	-------------------	---------------------------

**Rekneskapsrapport drift pr. 20.08 2012**

#### **HAMNESJEF SI TILRÅDING TIL STYRET 28.08 2012:**

Rekneskapsrapport vert teke til vitande.

#### **SAKSUTGREIING**

##### **Bakgrunn for saka**

Formannskapet har i sak 012/08 vedteke at det skal leggast fram rekneskapsrapportar for kommunestyret pr. 30.04 og 31.08. Stranda Hamnevesen KF skal følgje same rapporteringsrutiner som elles i kommunen.

Styret skal haldast oppdatert med hensyn til den økonomiske stoda i føretaket utover det som går på høg lånegjeld, renter og avdrag. Det vert difor lagt fram ein detaljert driftsrapport .

##### **Saksopplysningar**

Renter og avdrag ser ut til å bli noko lavare enn budsjett for 2012. Elles er utgiftene som forventa. Linje 11220 andre driftsutgifter er noko høg i forhold til budsjett. Denne vert kontrollert for feilpostering.

Når det gjeld fordeling av inntektene, kan desse spesifiserast så langt:

Totale inntekter pr. 01.08: kr 9 258 872,-

Budsjett 2012: kr 9 640 000,-

##### **Utland:**

Anløpsavgift/kaivederlag og passasjervederlag(art 16202) kr 6 939 019,-  
Fortøyning pullert/ fortøyningsbåt (art 16203) kr 924 900,-

##### **Innland:**

Anløpsavgift hurtigruta (art 16502) kr 442 333,-.  
 Anløpsavgift andre fartøy ( art 16 502) kr 75 240,-  
 Passasjervederlag hurtigruta (art 16501) kr 877 380,-

### Vurdering

Inntektene til føretaket er som forventa for 2012. Besøkstalet er høgt og pr. 01.08 2012 hadde vi ca. 210 000 cruisepassasjerar + ansatte. Budsjett 2012 er ca. 280 000 passasjerar. Det ser ut som vi kan få ei inntekt som ligg over budsjett.

Ein ser og at det kan forekome feilposteringar og desse vert korrigert etter kvart. Når det gjeld forsikring bygg/ anlegg er dette på grunn av endringar anlegg Hellesylt, samt betong/ tenderbrygge i Geiranger.

Vidare fører vi nøye kontroll på inntektene slik at anløpsavgift, passasjervederlag, kaivederlag, fortøyningsbåt, hurtigruta og gods/ last er synleg. Spesielt inntekter og driftsutgifter på Hellesylt Kai er viktig å ha oversikt over mht neste års budsjett.

Ein veit pr. i dag ikkje om utgifter utover det som ligg i budsjettet. Ein har ikkje erfaring med drift av kaianlegg og vi må ta høgde for endringar i driftsutgiftene ved Hellesylt Kai.

Når status på kaiprosjekta er avklart i august/ september 2012 får ein fram det nøyaktige bildet av økonomien i føretaket , utover dei prognosene som allereie er framlagt for styret og kommunestyret 20.05 2012.

### Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.08.2012	Rekneskap 2012.pdf	135229

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

### NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

#### SAMRØYSTES TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Rekneskapsrapport januar – august pr. 24.08 2012 vert teke til vitande

#### Saksutgreiing:

STRANDA HAMNEVESEN KF REKNESKAPSRAPPORT JANUAR-AUGUST 2012						
	A	B	C	D(B+C)	D-A	
Artsgruppe	Budsjett 2012	Rekneskap pr. 24.08 2012	Rekneskap i % av budsjettet	Prognose forbruk resten av året	Prognose heile 2012	Prognose meir/mindre-forbruk
1.Lønn og sosiale utgifter	955 269	576 890	60 %	378 379	955 269	0

2-4.Kjøp av varer og tenester/overf./fondsavs.	4 706 548	2 015 272	43 %	2 691 276	4 706 548	0
5.Finansieringsutgifter	7 223 000	4 440 986		2 287 014	6 728 000	-495 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>12 884 817</b>	<b>7 033 148</b>	<b>55 %</b>	<b>5 356 669</b>	<b>12 389 817</b>	<b>-495 000</b>
6.Salsinntekter	-9 640 923	-9 269 513	96 %	-1 500 000	-10 769 513	-1 128 590
7-9.Renter/ utbytte lån	-3 243 894	-787	0 %	-732 971	-1 620 304	1 623 590
<b>Sum inntekter</b>	<b>-12 884 817</b>	<b>-9 270 300</b>	<b>72 %</b>	<b>-2 232 971</b>	<b>-12 389 817</b>	<b>-495 000</b>
<b>Netto utgift/inntekt</b>						

### Vurdering:

Forutsetningar:

Kr 1.500 000,- meir i salsinntekter

Kr 500 000,- mindre i renter og avdrag.

Avtaler/ renter på lån held seg på dagens nivå.

Eventuelle avvik driftsutgifter på Hellesylt Kai, vert teke over ordinært driftsbudsjett.

Administrasjon og styret vil i samråd med økonomisjef utarbeide ei tydligare form for reknesaksrapportering ( ref. aksjeselskap )

### Vedlegg:

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 18.09.2012

**SAK 35/12  
OVERSIKT OVER SAKER TIL OPPFØLGING**

I kommunestyresak 114/11, jf også kontrollutvalsak 07/12, om dokumentasjon av VAR-kostnader vart det gjort slikt vedtak:

*Kommunestyret ber rådmannen syte for at: Vedtaksgrunnlaget for sjølvkostberegningane i VAR må vere tilstrekkeleg utgreidd, opplyst og kvalitetssikra gjennom dokumentasjon og sakshandsaming til budsjett og reknerekning. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet går gjennom:*

1. Dokumentasjonen for kostnadane i VAR-postane sine reknerekstal.
2. Dokumentasjon for kostnadane som er lagt til grunn for sjølvkostberegningane i VAR
3. Om praktisert fordeling mellom abonnentsgrupper og fastgebyr/forbruksgebyr stettar krava i forskriftene.

På bakgrunn av usikkerheit om innhaldet i mandatet som ligg i dette vedtaket, vart dette drøfta med ordførar og rådmann i eit kontrollutvalmøte, sak 07/12 der følgjande samrøystes vedtak vart gjort.

1. Kontrollutvalet vil avvente oppfølging av saka til rådmannen har lagt fram ei sak for kommunestyret om vedtaksgrunnlaget for sjølvkostutrekningane innan VAR-området, jf kommunestyret sitt vedtak i sak KOM – 140/11.
2. Kontrollutvalet føreset at dette arbeidet er avslutta seinast ved rekneskapsavslutninga for 2011.

So langt har det ikkje kome respons på dette vedtaket frå administrasjonen. Det har også blitt purra på denne saka.

Andre saker til oppfølging kan bli lagt fram i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar